

MIDSUND KOMMUNE  
Kontrollutvalet

---

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL**

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag, den 04.05.2012 kl. 13.30 på  
Midsund kommunehus**

**SAKLISTE:**

- Sak      01/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 07.12.2011  
      "      02/12 - Årsmelding 2011 – Midsund kommune  
      "      03/12 - Kommunerekneskapen 2011 – Midsund kommune  
  
                Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Johan Oppen  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
MIDSUND KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 7. desember 2011, kl. 17.10  
Møtestad: Midsund Rådhus

Møtet vart leia av: Johan Oppen

Elles til stades:

Svanaug Lillebø Rakvåg og Asbjørn Ræstad

= 3 voterande

Kåre Bjørnerem hadde meldt forfall

Frå Midsund kommune møtte rådmann Ketil Ugelvik

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sakene vart behandla i følgjande rekjkjefølgje:

**SAK 13/11  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. MAI 2011**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 6. mai 2011 blir godkjent

**SAK 16/11  
ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2011**

Saksutgreiing datert 30.11.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

Rådmannen orienterte om at han ville auke talet på økonomiske rapportar gjennom året slik at det blir månadleg rapportering til formannskapet. Rådmannen orienterte om utviklinga i

økonomien etter framlegginga av 2. tertialrapport og at det var grunn til å rekne med ei forverring i den økonomiske situasjonen.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen i Midsund kommune til observasjon.

#### **SAK 17/11**

#### **ADMINISTRATIV LEIARSTRUKTUR I MIDSUND - DRØFTING AV EVENTUEL UNDERSØKING**

Saka kom opp under eventuelt i kontrollutvalsak 12/11 på bakgrunn av tidlegare kommunestyrevedtak og brev frå rådmannen.

Det vart i sak 12/11 gjort følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet vil kome tilbake til eit nærmare presisert mandat i neste møte.*

Det har i ettertid blitt reist spørsmål ved kor relevant ei slik undersøking er nå ein tek omsyn til endringar som har skjedd i kommunen etter at vedtak vart fatta. Ei endring er at kommunen har ny rådmann med klare meiningar om korleis organisasjonen skal sjå ut. Med dette som utgangspunkt kom det fram synspunkt på at det er betre å få rådmannen til å utgreie ein framtidig organisasjonsstruktur enn å få kommunerevisjonen til å evaluere ein gammal struktur.

#### **Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Kommunestyret finn det meir føremålstenleg å få utgreidd ein ønska framtidig organisasjonsstruktur framfor å bruke ressursar på å evaluere ein tidlegare organisasjonsstruktur.
2. Tidlegare vedteke undersøking av administrativ leiarstruktur i Midsund kommune blir ikkje utført.

#### **SAK 14/11**

#### **ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON**

Det vart gitt ei munnleg orientering av kontrollutvalsekretariatet og kommunerevisjonen.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 15/11**

**DRØFTING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I VALPERIODEN**

Det vart gitt ei orientering om dei obligatoriske oppgåvene og at løpende saker kan kome til gjennom året.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Temaet blir å kome tilbake til.

Johan Oppen  
leiar  
(sign.)

Svanaug Lillebø Rakvåg  
medlem  
(sign)

Asbjørn Ræstad  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 30.04.2012

**SAK 02/12  
ÅRSMELDING 2011 – MIDSUND KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Årsmelding 2011 – Midsund kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Midsund kommune til orientering

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 30.04.2012

**SAK 03/12  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – MIDSUND KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2011 - Midsund kommune
2. Midsund kommune - kommunerekneskapen 2011

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

Av revisjonsmeldinga kjem mellom anna følgjande fram:

*Innan enkelte einingar er det overskridningar i hove vedteke budsjett. Det vert vist til årsmeldinga frå rådmannen der årsakene til dette er gjort nærmare greie for.*

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale:**

1. Midsund kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

Harald Rogne  
dagleg leiar

# Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:  
Solrun A. Tusvik

Vår dato:  
18.04.2012  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til  
Kommunestyret i  
Midsund kommune

## KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – MIDSUND KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Midsund kommune som viser kr 99 970 125,-, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2011, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

#### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei mening om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisionsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei mening om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår mening er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Midsund kommune per 31. desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoens i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

### **Uttale om andre forhold**

#### *Konklusjon med etterhald om budsjett*

Innan enkelte eininger er det overskridningar i høve vedteke budsjett. Det vert vist til årsmeldinga frå rådmannen der årsakene til dette er gjort nærmere greie for.


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysninga i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Ketil Bjørnsen  
dagleg leiar